



Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anbjørn Høivik	91705737	2018/56-2	2016/34254-16	25.01.2018

## Merknader til forprosjektrapport Fv107 Austrepollen - Nordrepollen

Eg viser til dykkar oversending av forprosjektrapport 2. januar og ønskje om faglege merknadar innan 17. januar. Vi orsakar at Kvinnherad kommune ikkje har gitt uttale innan fristen.

Ut frå føresetnadane meiner vi rapporten gir gode skildringar, vurderingar og konklusjonar. Vi registrerer at storleiken på kostnadsestimata er omdiskutert. På dette stadiet legg vi til grunn dei relative forskjellane i forventa byggekostnadene i våre vurderingar og tenkjer at ein grundig anslagsprosess, slik rapporten gjer framlegg om, vil avdekke meir realistiske sluttsummar.

Frå nabokommunane vert det fremja ønskje om utgreiingar av to tunnelpåhogg i Austrepollen og eit alternativt påhogg i Øyresdalen i tillegg til dei som er med i forprosjektrapporten. Dersom Hordaland fylkeskommune ønskjer å gjere tilleggsutgreiingar har ikkje Kvinnherad kommune noko imot at desse alternativa vert vurdert.

Reguleringsplanen for dagens trase vert rekna som gjeldande med naudsynte vedtak og godkjenningar. I ettertid ser vi at prosessane ved utarbeiding og endringar av denne planen var noko uoversiktlege, og som følgje av dette er det krevjande å presentere ein samla, vedteken plan med høg integritet. Ved regulering av ny trase bør difor gjeldande plan erstattast heilt av ny plan. Dei noverande vegareala bør takast med og gjevast nye arealføremål tilpassa den bruken dei skal ha i framtida.

Vi er samde i at tilrettelegging for gåande og syklande ikkje treng gjerast for ny vegtrase, men meiner at det om mogleg bør leggast til rette for mjuke trafikantar langs noverande trase. Kvinnherad kommune ser det som ønskjeleg med G/S-veg langs/ved størst mogleg del av hovudvegnettet i kommunen, og sjølv om talet på potensielle brukarar i denne delen av kommunen er lite må temaet takast med i dei vidare utgreiingane. Sykkelturisme har eit potensiale i reiselivssamanheng, og utforming av ein aktiv gange- og sykkelpolitikk har uansett ein viktig plass i ei tid der det vert fokusert på det grøne skiftet.

Med helsing

Anbjørn Høivik  
*Konst. seksjonsleiar*

*Brevet er sendt elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Sigbjørn Øye  
Peder Sjo Slettebø  
Odd Ivar Øvregård  
Matti Torgersen